



Måndag kveld kjem ein båt som må kallast legendarisk til Uskedalen - det er MS Bjørn West (ex KNM Tyr). Han legg til kai ved Eidsvik og vert liggjande der for restaurering inntil vidare.

No er det Opsangervågen Veteranbåtlag som eig han og han har sidan 2011 hatt status som verna skip hos Riksantikvaren. Restaureringa er godt igang med støtte derifrå, fylkeskommunen, private og dugnad.

Faktisk vart båten bygd så tidleg som i 1887 og har hatt ei historie som saknar sidestykke.

Han var opprinneleg kanonbåt men endte som ferje.med plass til 20 bilar. Han hadde til og med ei rolle under kampane i Uskedalen i 1940 og på tyske hender vart Tyr mellom anna nytta i Sognefjorden.

Men dette er berre parentesar i ei legendarisk historie.....
I eit omflakkande liv har båten også vore innom eit entreprenørfirma og fiskeoppdrett.....

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen